

## Hjartdal kommune

| Styre, råd, utval | Møtedato   | Saknummer | Sakshandsamar |
|-------------------|------------|-----------|---------------|
| Formannskapet     | 06.06.2011 | 037/11    | HG            |
| Kommunestyret     | 15.06.2011 | 024/11    | HG            |

|                               |               |                  |
|-------------------------------|---------------|------------------|
| Saksansvarleg: Helge Granlund | Arkiv: K1-232 | Arkivnr.: 11/542 |
|-------------------------------|---------------|------------------|

### HØRING OM EIGEDOMSKATT FOR KRAFTVERK

#### Dokument i saka:

| Nr | T | Dok.dato   | Avsender/Mottakar   | Tittel                                                                        |
|----|---|------------|---------------------|-------------------------------------------------------------------------------|
| 4  | I | 23.05.2011 | Finansdepartementet | HØRINGSNOTAT OM MAKSIMUMS- OG MINIMUMSREGLANE I EIGEDOMSSKATTEN FOR KRAFTVERK |
| 5  | I | 23.05.2011 | LVK                 | E-POST FRÅ LVK                                                                |
| 6  | I | 24.05.2011 | Finansdepartementet | HØRING OM EIGEDOMSSKATTEN FOR KRAFTVERK                                       |

#### Vedlagde dokument:

Ingen

#### Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

Lov om eigedomsskatt til kommunane av 1975

Prop.1 LS (2010-2011)

#### Saksgang:

Formannskapet tilrår.

Kommunestyret vedtek.

#### Bakgrunn for saka:

Finansdepartementet har sendt på høyring forslag til endringar i maksimums- og minimumsreglane i eigedomsskatten for kraftverk. Høyringa blei varsla i statsbudsjettet for 2011. Departementet vil vurdere høringsinnspela og presentere saken i statsbudsjettet for 2012. I januar i år hadde Finansdepartementet møte med berørte partar. Høyringsfrist er satt til 15. juli 2011.

I dag blir eigedomsgrunnlaget for kraftverk med en påstempla merkeyting over 10 000 kVA berekna som ein nåverdi over uendeleg tids av sjablongmessig berekna nettoinntekt. Nettoinntekta bereknast til gjennomsnittleg, normerte salsinntekter med frådrag av driftskostnader, eigedomsskatt, grunnrenteskatt og framtidig investeringsbehov. Skattegrunnlaget kan likevel ikkje være lågare eller

høgare enn hhv. 0,95 kr. per kWh og kr. 2,35 per kWh av anlegget sin gjennomsnittlege produksjon over ein periode på 7 år.

Dei mindre kraftverka, t.d. småkraftverk nyt ikkje godt av regelen. Vidare nyt produsentar av anna fornybar energi (vindkraft osb.) ,ikkje godt av ordninga.

Innføringa av minimumsregelen var å sikre kommunane eit minimumsnivå for sine eigedomsskatteinntekter, i periodar med svært låge kraftprisar. Som ei følge av dette fremma kraftbransjen krav om innføring av ein tilsvarande maksimumsverdi (symmetri). Dette blei tatt til følge og vedtatt med verknad for 2004.

Finansdepartement har òg heimel til å fastsette diskonteringsrenta som nyttast i noverdiberekningane i verdsettinga av kraftverka. Renta skal reflektere eit tilnærma marknadsbasert avkastningskrav, fastsett som ei risikofri rente tillagt eit risikotillegg som skal reflektere risikoen ved investeringar i vasskraftanlegg.

#### Finansdepartementet sitt forslag

Finansdepartementet ønskjer å behalde minimums- og maksimumsreglane men med ein justering av satsane som tek omsyn til manglande inflasjonsjustering. Finansdepartementet grunnir sitt standpunkt med at ei endring vil få store proveny- og fordelingsmessige verknader. Departementet anslår at ei avvikling av reglane vil gi staten eit provenytap på minst 2 mrd.

Samstundes vil vertskommunanes inntekter frå eigedomsskatten auke med minst 2,7 mrd. I tillegg viser berekningane at ein stor del av inntektene vil tilfalle nokre få kommunar.

Departementet peikar òg på at fjerning av reglane vil kunne påverke investeringane i kraftsektoren negativt.

Departementet peikar òg på at reglane etablerer ein korridor for eigedomsskatten som sikrar forutsigbarhet.

Finansdepartementet foreslår i tillegg å auke risikotillegget i kapitaliseringsrenta. Dette blei sist endra i 2000 frå 4 % til 3%. Historisk blei risikotillegget fastsett på grunnlag av informasjon om gjennomsnittleg avkastningskrav på aksjemarknaden frå Oslo Børs (4%). Reduksjonen frå 4% til 3% blei i si tid grunngeve med ønskje om auka eigedomsskatt til kommunane.

I ein rapport frå Energi Norge, argumenterast det med at risikotillegget bør ligge i intervallet 5-5,5%. Andre (Gjølberg og Johnsen 2007), argumenterer for eit risikotillegg på 5,7%.

Eit auke av risikotillegg vil redusere grunnlaget for eigedomsskatt – og dermed eigedomsskatteinntektene til kommunane.

Finansdepartementet ønskjer nå å få synspunkt frå høyringsinstansane på ei heving av risikotillegget.

#### **Vurdering:**

##### Minimums- og maksimumsreglane.

Mellom 80 og 90% av kraftverka ligg i dag over maksimumsverdien og bare 5% ligg under minimumsverdien. Hovudårsaka til at maksimumsregelen blei innført, var omsynet til symmetri. Regelen fungerer i dag meir som ein rabatt for kraftbransjen samanlikna med andre bransjar. Ved berekning av grunnlaget for eigedomsskatt er det eit grunnleggjande prinsipp at marknadsverdien skal leggjast til grunn. Marknadsverdiar tar, for næringsanlegg omsyn til lønsemd, risiko osb. Dette bør, etter rådmannen si meining òg gjelde kraftsektoren.

Proveny- og fordelingsmessige omsyn blir ikkje tatt ved skattelegging av andre objekt. I tillegg har Staten andre vekemiddel som kan regulere disse verknadene.

Ei vidareføring vil òg etter rådmannen si meining, overføre verdiar frå vertskommunar til eigarkommunar. I tillegg vil dette kunne føre til ein meir "lunken" haldning i vertskommunane til nye kraftprosjekt.

Det er rådmannen si meining at Staten bør være prinsipiell ved skattelegging av objekt.

#### Auka risikotillegg i kapitaliseringsrenta.

I dag nyttast gjennomsnittleg rente på 12 mnd statskassevekslar dei 3 siste åra som risikofri rente. I tillegg kommer risikopåslaget. Kortsiktige renter svingar meir enn langsiktige, og bruken av ei slik kortsiktig rente fører da med seg større svingingar. Det er ikkje gitt at slike kortsiktige svingingar fører til tilsvarande endring i marknadsverdien på kraftverka. Det er rådmann si meining at alternative berekningsmåtar, som sikrar stabilitet og betre samsvar med verdiutviklinga på kraftverka, bør vurderast.

Når det gjeld risikopåslaget, er det rådmannen si meining at tillegget uansett vil være skjønnsmessig. Det er ein risiko for at forslag som ulike aktørar kommer vil være farga av posisjonen til forslagsstillaren. Det er derfor rådmannen si meining at Finansdepartementet i størst mogeleg grad fastsett risikopåslaget med utgangspunkt i vurderingar av grunnleggjande marknadsforhold.

### **RÅDMANNEN TILRÅR:**

Kommunestyret vedtek følgjande høyringsuttale:

#### **1. Minimums- og maksimumsreglane**

Hjartdal kommunestyre oppfordrar til fjerning av minimums- og maksimumsreglane med følgjande grunngjeving:

- a) Reglane fungerer i dag som ei bransjerabatt til kraftsektoren
- b) Reglane undergrev prinsippet om at marknadsverdien på eit eigedomsskatteobjekt skal leggjast til grunn ved skattelegging.
- c) Ordninga fører til konkurransevriding og kan være i konflikt med reglane om ulovlig statsstøtte.

#### **2. Auke i risikotillegget**

- a) Hjartdal kommunestyre ber Finansdepartementet vurdere alternative måtar å berekne risikotillegget og risikofri realrente på der vurderingar av grunnleggjande marknadsforhold har fokus.

## **06.06.2011 Formannskapet**

### **Handsaming:**

Audun Dølen fremma følgjande tilleggsforslag til pkt. 1a:

Hjartdal kommune vil påpeike det prinsippielle ved at eit kraftverk er eit skatteobjekt som skal kunne behandlast på lik linje med andre skattbare objekter.

### **VOTERING:**

Rådmannen si tilråding med tilleggsforslag frå Audun Dølen vart samrøystes tilrådd

### **FOR-037/11 TILRÅDING:**

Kommunestyret vedtek følgjande høyringsuttale:

#### **1. Minimums- og maksimumsreglane**

Hjartdal kommunestyre oppfordrar til fjerning av minimums- og maksimumsreglane med følgjande grunngjeving:

- a) Reglane fungerer i dag som ei bransjerabatt til kraftsektoren.  
Hjartdal kommune vil påpeike det prinsippielle ved at eit kraftverk er eit skatteobjekt som skal kunne behandlast på lik linje med andre skattbare objekter.
- b) Reglane undergraver prinsippet om at marknadsverdien på eit eigedomsskatteobjekt skal leggjast til grunn ved skattelegging.
- c) Ordninga fører til konkurransevriding og kan være i konflikt med reglane om ulovlig statsstøtte.

#### **2. Auke i risikotillegget**

- b) Hjartdal kommunestyre ber Finansdepartementet vurdere alternative måtar å berekne risikotillegget og risikofri realrente på der vurderingar av grunnleggjande marknadsforhold har fokus.

## **15.06.2011 Kommunestyret**

### **Handsaming:**

### **VOTERING:**

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

### **KOM-024/11 VEDTAK:**

Kommunestyret vedtek følgjande høyringsuttale:

## 1. Minimums- og maksimumsreglane

Hjartdal kommunestyre oppfordrar til fjerning av minimums- og maksimumsreglane med følgjande grunngjeving:

- a) Reglane fungerer i dag som ei bransjerabatt til kraftsektoren.  
Hjartdal kommune vil påpeike det prinsippielle ved at eit kraftverk er eit skatteobjekt som skal kunne behandlast på lik linje med andre skattbare objekter.
- b) Reglane undergrever prinsippet om at marknadsverdien på eit eigedomsskatteobjekt skal leggjast til grunn ved skattelegging.
- c) Ordninga fører til konkurransevriding og kan være i konflikt med reglane om ulovlig statsstøtte.

## 2. Auke i risikotillegget

- a) Hjartdal kommunestyre ber Finansdepartementet vurdere alternative måtar å berekne risikotillegget og risikofri realrente på der vurderingar av grunnleggjande marknadsforhold har fokus.

Rett utskrift: 17/6-11

Ingebjørg Landsverk  
Ingebjørg Landsverk